



Voss gymnas

– Læring i sentrum

UTVIKLINGSPLAN FOR VOSS GYMNAS 2017/18

1. august 2017 opna Voss gymnas som eit resultat av skulesamanslåinga der fem skular i regionen Voss-Hardanger vart slått saman til ein ny skule. Sidan organisasjonen er ny og omstillinga ikkje er endeleg ferdig medan Voss gymnas har elevar spreidd på to lokasjonar, vil utviklingsarbeidet skuleåret 2017-2018 vere prega av dette.

I det siste året med omstilling og i etablering av ein ny organisasjon medan skulen er spreidd på to lokasjonar, meiner vi at satsing på å arbeide for eit godt klassemiljø er det viktigaste satsingsfeltet vi har. Elevane som går hjå oss i denne omstillingstida og oppstartsfasen treng i ekstra grad gode, stabile, trygge og føreseielege rammer innan klassen og å oppleve å ha ei trygg og god basisgruppe når mange elevar no kjem frå små skular til ein som er mykje større.

Utviklingsplanen for Voss gymnas er meint å gje retning for den vidare utviklinga av skulen i arbeidet med å arbeide fram ein klar profil for skulen og å skape ein felles identitet.

Skulen har valt å ha **klasseleiing** som utviklingsområde og har konkretisert tiltak som elevar, lærar og skuleleiar skal ta aktivt del i.

Det er eit mål å forankre planarbeidet hjå dei tilsette og elevane for å sikre eigarskap til planen. Planen skal ligge til grunn for det pedagogiske utviklingsarbeidet som skal gjennomførast det inneverande skuleåret og vert sett på som eit tiltak i arbeidet med å etablere felles verdiar.

Satsingsområdet for klasseleiing er arbeidd med på planleggingsdagane i haust og forankra med avsett tid i årsplan og møteplan til gjennomføring av konkrete tiltak i form av arbeid med klassemiljø i kontaktlærartime, trekantmøter og klasselærarråd (klassেমøter).

Læring i sentrum

Skulen sin visjon, *læring i sentrum*, vart utarbeidd av leiargruppa i samband med marknadsføringsarbeid i før innsøkinga til skuleåret 2017-2018. Skulen har ikkje hatt høve til å ha tilsette og elevar med i utarbeiding av visjonen, men den har vorte presentert ved skulestart for dei tilsette og vert arbeidd med i elevrådet gjennom året. Visjonen vert derfor nytta mellombels fyrste skuleår medan ein saman med tilsette og elevar vil arbeide med ein «endeleg» visjon for skulen.

Alt arbeid i skulen skal sette eleven si læring i sentrum. Vart fremste mål er å gje våre elevar eit best mogeleg utgangspunkt for å meistre og lukkast på skulen og vidare i læretid eller på høgare utdanning. Tydeleg klasseleiing er eit ledd i å sikre elevane eit godt psykososialt skule- og arbeidsmiljø gjennom tydelege rammer og gode relasjonar.

Verdiar

Skulen vil prioritere på si fyrste personalsamling i november å arbeide med den nye generelle delen av læreplanen som vil tre i kraft saman med den varsla fagfornyinga. Slik vi ser det er klasseleiing eit viktig element i det å skape eit felles verdisyn.

Som ein ny skule beståande av tilsette og elevar frå fem ulike tidlegare skular, må Voss gymnas prioritere arbeidet med å skape ein felles kultur og praksis som skal byggje på skulen sine verdiar. I tillegg til å vere ein ny organisasjon, er vi ein skule der både yrkesfaglege og studieførebuande utdanningsprogram er samla. Det gjer at elvane har ein stor valfridom i utdanningstilbod, men som og fører til at ein har eit stort mangfald som gjer at skulen må arbeide aktivt for å skape eit godt skulemiljø der alle opplever at dei er likeverdige og har eit godt læringsmiljø.

Utviklingsområde og tiltaksplan

Voss gymnas vil i tråd med HFK sitt styringsdokument for det pedagogiske utviklingsarbeidet ved dei vidaregåande skulane, satse på **klasseleiing** som utviklingsområde for skuleåret 2017-2018.

Med utviklingsområde klasseleiing, ynskjer me at lærarane ved skulen skal stå fram som tydelege, trygge og imøtekommande vaksne. Skulen skal arbeide kontinuerlig med klassemiljøet og skulemiljøet gjennom heile året, og har særskilt gitt kontaktlærer ansvar for dette gjennom kontaktlærartimen som ligg timeplanfesta kvar veke.

Utviklingsarbeidet for planperioden vil fokusere på klasselærarråd (klasse møte) med trekantmøter som eit verktoy for å involvere elevar, leiing og faglærarane i klassen/undervisningsgruppene. Formålet er å utvikle ein klasselærarfellesskap som stør opp om lærarane si undervisning, deira arbeid med læringsmiljø og elevane si læring.

Arbeidet vil ha tre klare kjerneområde:

- Oppfølging av det pedagogiske arbeidet i klassen. Eit felles pedagogisk fokus gjer at klasselærarane kan arbeide systematisk med læringsutfordringar i klassen, studieteknikk og samarbeide om undervisningsopplegg og anna.
- Oppfølging av klassemiljø og elevar. Felles oppfatning og forståing av klassen er viktig for felles semje om kva som er naudsynt for å skape eit godt miljø for læring.
- Oppfølging av prøveplan, årsplan for skulen, og andre praktiske rammer for arbeidet gjennom skuleåret. Klasselærarråda legg til rette for god oppfølging av rutinar og system for handtering av klassen og elevane.

Klasseleiing				
Mål: Klasselærarane arbeider saman for å utvikle og drive det fagleg-pedagogiske arbeidet i klassane.				
Tiltak	Resultatmål	Ansvar	Ressursar	Evaluering/ dokumentasjon
Regelmessige klasselærarmøte etter plan. Skulen, ved avdelingsleiarane, fordeler lærarane.	Elevane og lærarane kjenner til tidspunkt for møta. Lærarane møter og deltek aktivt.	Avd.leiar, kontaktlærer, faglærarane	Det vert sett av tid til samarbeid på timeplan- /årsplan/arbeidsplan	Møta vert dokumentert i planar og i referat.
Innhaldet i møta vert organisert av kontaktlærarane.	Lærarane veit kva møta skal handle om og førebur seg.	Kontaktlærer og faglærarane	Kontaktlærarane brukar av kontaktlærartid til å førebu møta.	Evaluering i kontaktlærarsamling og i avdelingane.
Elevane i klassen tek aktiv del i arbeidet med arbeids- og læringsmiljø i klassen.	Elevane kjem med respons på, og innspel til aktuelle tema til møta.	Elevane, kontaktlærer og elevinspektør	Kontaktlærer-timen og i elevråd.	Samtale med klassen undervegs og ved skuleslutt. Evaluering i elevrådsmøte.
Elevane i klassen deltek aktivt i gjennomføring av trekantmøter	Elevane vurderer eige læringsmiljø	Elevar, kontaktlærer, avdelingsleiar	Kontaktlærer- timen og Trekantmøter	Evaluering i klassen og i elevråd. Lærarane evaluerer i klasse møte

Start-slutt: August 2017 – juni 2018